

– Det viktigaste vi gjer som kyrkje



Eg var med på dåpen til vårt barnebarn for nokre helger sidan. Det vart ein stor dag med ei flott gudsteneste og samling for ein stor del av familien. Eg er imponert over korleis kyrkjelyden der vi var la til rette for at det kan vere fleire dåpsgudstenester kvar sundag no, for å følgje det som enno er gjeldande smittevernreglar, og for å møte dei som har venta med dåp under pandemien. Slik har det vore og vert gjort ein formidabel innsats over heile landet. Kyrkja kjem til å bli hugsa lenge for alt som er gjort i så måte i denne tida, for dåpsforeldre, konfirmantar og mange andre.

Dåp er ei viktig hending for mange familiar og ikkje minst for den som blir døypt. Det er ei handling som Gud har knytt sine store lovnader til. Dette er inngangen til livet i kyrkja, og difor særdeles viktig for korleis dei neste generasjonane skal finne sin plass. Å døype er faktisk hovudoppdraget vårt, og difor det viktigaste vi gjer som kyrkje. Det var godt å oppleve det igjen som bestefar i benken.

Det var veldig godt for familien at det ikkje vart nødvendig å utsetje dåpen, korkje med tanke på kyrkja sin kapasitet eller om ein kunne samlast som familie. Denne hausten er mange vare på kva som no skjer, både dei som skal ha dåp, og dei som skal legge til rette for det, gjennom kyrkjekontora og i dåpsgudstenestene. Når smittevernrestriksjonane no ser ut til å bli mindre, vert det mange som ønskjer dåp av dei som har venta med det på grunn av pandemien. Heldigvis kjem det også stadig til nye barn som foreldra ønskjer skal bli døypte.

Dette gjer at det denne hausten er eit særleg stort arbeidspress for mange i kyrkja. Kanskje dåpen vert utsett så lenge at dåpskjolen ikkje passar lenger. Nokre lurer kanskje på korleis det skal gå når eittåringen ikkje vil sitje på fanget, men springe rundt i midtgangen i kyrkja. Nokre kjenner framleis på sakn over familie som ikkje kan kome til festen, medan andre endeleg kan samle vene og familie. Det vert ikkje mindre viktig å gjøre det vi kan for at dåp ikkje vert meir utsett, eller at det kanskje ikkje vert noko av dåpen i det heile.

Difor legg det meg på hjarta å seie tusen takk for den innsatsen som alle tilsette og frivillige legg ned for at folk kan få kome til dåp i kyrkja med det kjæraste og finaste dei har. Det kan vere krevjande for mange å balansere kyrklelege handlingar med alt anna arbeid som skal starte opp som før denne hausten. Som kollegaer får vi prøve å vere rause og samarbeide godt med kvarandre i denne spesielle tida framover.

Midt i alt dette som skjer vonar eg at de kan kjenne på glede og meinings i desse viktige arbeidsoppgåvene. Gjennom årsrapportane frå i fjar veit vi at tusenvis av menneske har hatt gode erfaringar av å bli møtt av kyrkja, på ein varm, nær og trygg måte under pandemien – som det også var før den kom. Det er noko vi skal vere stolte av!

Guds signing over tenesta framover – og over store og små som kjem til dåp i tida framover.

Olav Fykse Tveit
Preses i Bispekonferansen



Spent på regjeringserklæring

Kyrkjerådsleiar Kristin Gunleiksrud Raauam gratulerer Jonas Gahr Støre med valsigeren. Ho har forventingar til den nye regjeringa sin politikk.

[Les meir](#)



På veg mot normal drift

I løpet av få veker vil dei fleste nasjonale smitteverntiltaka forsvinne. Noreg går då over til ein ny normal kvardag med auka beredskap. Kva betyr det for kyrkja?

[Les meir](#)



Kyrkjefellesskap i 25 år

Den formaliserte relasjonen mellom anglikanske og lutherske kyrkjer har vara like lenge som eit sølvbryllaup. Den verdifulle relasjonen held fram for dei involverte kyrkjene.

[Les meir](#)



Søk om utdanningsstipend

Jobbar du med diakoni eller trusopplæring? No kan du få støtte til å gjennomføre studiar, slik at du kan oppfylle kompetansekrava til kateket, kyrkjelydspoedagog eller diakon.

[Les meir](#)



Økumenikkpris til Helga Haugland Byfuglien

Tidlegare preses i Den norske kyrkja er tildelt Økumenikkprisen for 2021 fra Norges Kristne Råd. I grunngjevinga blir mellom anna Haugland Byfuglien sitt langvarige engasjement for kyrkjeleg samarbeid og økumenisk fellesskap framheva.

[Les meir](#)



Kyrkjeelsing til norske jødar

Norges Kristne Råd har sendt ei helsing til jødane i Noreg, i samband med at Oslo-synagogen er hundre år, og at det er 170 år sidan «jødeparagrafen» i Grunnlova vart oppheva.

[Les meir](#)

Webinar og frukostmøte



Kyrkjeveka for fred i Israel og Palestina 2021

23. september kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Sorgstøttearbeid for ungdom

30. september kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Kva gjer vi med kyrkjebygg som vert til overs?

7. oktober kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

KFUK-KFUM Forandringshuset og Den norske kyrkja

14. oktober kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Sjå full webinaroversikt og opptak av tidlegare webinar på [ressursbanken.no/webinar](#)

Fekk du med deg desse sakene?



Nasjonal kampanje

Den nasjonale kampanjen frå Den norske kyrkja held fram. Alt materiell ligg tilgjengeleg i Ressursbanken på bokmål og nynorsk, og kan fritt nyttast.

[Les meir her](#)



Kyrkjeveka for fred

Denne veka vert Kyrkjeveka for fred i Israel og Palestina markert i heile landet, fysisk og digitalt. Det er også laga ei eiga bøn til denne veka som kan nyttast i samlingar og gudstenester.

[Les meir her](#)



Kva er biskopen si rolle?

Nordiske kyrkleiarar møttest for å samtale om kva rolle biskopen har i dei nordiske landa, både om kva som er likt og kva som er ulikt.

[Sjå opptak av samtalen her](#)

Nyheitsbrevet vert sendt til tilsette, frivillige, folkevalde og andre interesserte i Den norske kyrkja. Har du fått det videresendt kan du [meld deg på nyheitsbrevet i dette skjemaet](#).

Vil du melde deg av? [Trykk her](#)



DEN NORSKE KYRKJA

krpostmottak@kyrkja.no